



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/620 - 18/15393

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
11.05.2018

Dispensasjonsvedtak til klagevurdering - hytte - gbnr 62/53 Tofting

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 62/53 Tofting
Tiltakshavar: Kenneth Bjørnevoll
Ansvarleg søkjar: Kenneth Bjørnevoll

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av hytte med bygd areal (BYA) 95 m² i ein etasje, pluss hems utan bruksareal (BRA). Utnyttingsgrad er opplyst til å vera 8.61 % BYA.

Planstatus

Plan for hytter på Toftingneset (disposisjonsplan, 1969) er gjeldande detaljplan for området. Med dei unøyaktige og fleirtydige dokumenta som denne planen inneheld, legg vi til grunn at oppføring av hytte på tomt som er frådelt etter planen, er i samsvar med arealføremålet hytter i planen.

Sidan verken kommuneplanen eller detaljplanen viser byggegrense mot sjø, gjeld byggeforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen, jf uttale frå departementet.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå det generelle byggeforbodet i strandsona i pbl § 1-8 og frå manglande tomteutnytting i planen. Det vil seia at planen er ugyldig på det punktet som gjeld tomteutnytting, og tiltaket må ha dispensasjon frå kravet om reguleringsplan i kommuneplanen, pkt 1.1 i planføresegnene.

Søknaden er godkjent og vedtaket ligg ved i dokumentet:

«Løyve til oppføring av hytte - gbnr 62/53 Tofting»

Oversikt	Kommuneplan
----------	-------------


Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Knut Bjørnevoll på e-post kbj@lindas.kommune.no eller på telefon 48208870.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Løyve til oppføring av hytte - gbnr 62/53 Tofting
Søknad om dispensasjon
Situasjonskart
Teikningar
Profilar

Mottakarar:

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen